

## **REKNESKAPSRAPPORT PR SEPTEMBER – OKTOBER 2023**

### **SAMANDRAG**

Rekneskapsrapport pr september – oktober viser at kommunen kan få eit meirforbruk på ca. 86 mill. kr i 2023. Dette er ei betring frå sist rapport, men betringa kjem i hovudsak som følgje av forventa auka skatte- og finansinntekter. Det er dessverre liten betring i tala frå dei tenesteproduserande einingane. Det er framleis dei to største sektorane Oppvekst og Helse og velferd som står for mykje av meirforbruket. Ei utfordring i år er konsekvensane av det høge lønsoppgjernet, m.a. meirutgiftene til pensjon. Renteutgiftene ser ut til å halde seg innafor budsjettet, og det ligg an til auka finansinntekter både på grunn av auka renteinntekter og positiv avkastning på finansporteføljen.

### **OM RAPPORTEN**

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. oktober for løns-intensive eininger er ca. 82 %. Kolonna Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

### **FRIE INNTEKTER**

Prognose for 2023: Frie inntekter kan få ein meirinntekt på ca. 17,8 mill. kr.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Det er ikkje venta endringar i rammetilskotet resten av året. Kommunen sine skatteinntekter har pr oktober ein vekst på 1,6% i forhold til same periode i fjor. På landsbasis var veksten 0,7% pr oktober. Det har generelt vore lav skattevekst i år, men i framlegg til statsbudsjett for 2024 har regjeringa justert opp skatteanslaget med 4,1 mrd. kr for kommunesektoren frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Dette har samanheng med at høgare løns- og sysselsettings vekst enn venta. For Bjørnafjorden kommune kan dette medføre at vi kan få auka skatteinntekter/skatteutjamnings-midlar med ca.13 mill. kr i 2023.

Andre generelle driftsinntekter omfattar, rentekompensasjon frå Husbanken, utdeling frå havbruksfondet og integreringstilskot flyktninger.

Rentekompensasjon frå Husbanken kjem først i slutten av desember, men det er ikkje venta vesentlege avvik mot budsjettet som er på 3,5 mill. kr. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert med 8 mill. kr. Vi har førebels ikkje mottatt opplysningar om kor mykje vi får utbetalt i 2023. Integreringstilskot til flyktninger er omtalt i 2. tertialrapport 2023. Kommunen har fått stadfesta auka integreringstilskot i samband med mottak av flyktninger frå Ukraina. Sektorane vil få auka sine driftsrammer som følgje av dette, men berekna utgifter til integrering er rekna til å vere ca. 4,8 mill. kr lågare enn tilskotet.

## **FINANS**

Prognose for 2023: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 22 mill. kr i 2023.

Langsiktig finansportefølje har pr oktober 2023 ei positiv avkastning på ca. 8,2 mill. kr. Det er ikkje budsjettert med avkastning i 2023. Avkastninga pr. oktober er lagt inn i prognosene for 2023, men merk at avkastningstal fort kan endre seg. For den kortsiktige finansporteføljen (plassering av overskotslikviditet) ventar vi at den delen som er plassert i rentefond får ei avkastning på ca. 7 mill. kr i 2023. Kommunen har vidare fått om lag 3 mill. kr meir i utbyte enn budsjettet (BIR AS).

Kommunen har framleis grei likviditet og det auka rentenivået får såleis god effekt på renteinntektene. Vi legg til grunn ein meirinntekt på ca. 6 mill. kr i 2023.

Renteutgiftene ser ut til å halde seg innafor budsjettet, medan avdraga blir litt høgare enn budsjettet (ca. 2,3 mill. kr) for å sikre at vi held oss innafor reglane om minimumsavdrag.

## **FELLESOMRÅDE**

Prognose for 2023: Fellesområde kan få eit meirforbruk på ca. 36 mill. kr

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Erfaring frå 2022 og til dels tidlegare år viser at ein stor del av utgiftene til Folkevalde organ blir ført i desember. Basert på rekneskapstal for 2022 er det grunn til å tru at utgiftene for 2023 blir høgare enn budsjettet. Vi legg førebels til grunn eit meirforbruk på ca. kr 600.000. Ein ekstra faktor i 2023 er gjennomføring av kommunevalet.

Fellesutgifter omfattar m.a. post for dekning av årets lønsoppgjer, tillitsvalde, forsikringar av tilsette, tilskot til kyrkja og diverse andre utgifter som ikkje blir ført på sektorane. Tilskot til Os Bygg og Eigedom AS vedr pensjon, ref. K-sak 132/23 kr 400.000 er ikkje dekka inn.

Lønsoppgjeret for tilsette og pensjonistar påverkar reguleringspremien for pensjon, som dermed og vil bli langt høgare enn det pensjonsleverandørane har lagt til grunn i sine premieprognosar, og som kommunebudsjettet byggjer på. Pensjonsleverandørane har sendt ut nye prognosar for reguleringspremien som viser at reguleringspremien kan bli om lag 35 mill. kr høgare enn lagt til grunn i budsjettet.

## **STAB**

Prognose for 2023: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2023.

Stab består av Rådmannen sin stab, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Stab har fått eit innsparingskrav på kr 700.000 for 2023. Stab vil få innsparingar som følgje av at stillingar står ledige delar av året, og vi legg til grunn at det vil vere nok til at vi klarar innsparingskravet for 2023. Eit årsverk (økonomirådgivar) er trekt inn og blir ikkje gjenrekryrt slik at innsparingseffekten blir varig.

## SEKTOR OPPVEKST

Prognose for 2023: Oppvekst ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 39,2 mill. kr i 2023.

Det blir arbeidd med tiltak for å redusere meirforbruket og realisere vedtekne nedtrekk på alle einingar, men vi har trekt med oss betydelege meirforbruk knytt til: demografi (auke i tal barn i barnehage), auke i utgifter til barn med store hjelpebehov i barnehage og skule, dyrere institusjonspllasseringar i barnevernet og urealiserte nedtrekk frå tidlegare år. Det er særslig stramme økonomiske rammer i sektoren. Dette blir og reflektert i KOSTRA tala på vårt område der alle driftar lågare enn gjennomsnitt i KOTSTRA-gruppa vår. På skule bruker vi 20 millionar mindre enn gjennomsnittet i samanliknbare kommunar på vår storleik.

På fellesområdet for oppvekst har vi redusert meirforbruket frå 9,5 til 8,5 millionar. Dette meirforbruket er relatert til gamle innsparingskrav som det ikkje er funnet dekning for då vi la budsjettet for 2023. Vi har finansiert ytterlegare 1 million av innsparingskravet knytt til reduksjon i administrasjon og leiing på skulane og oppjustering av inntekt SFO (PwC - rapport) .

Under er den økonomiske situasjon i barnehage, skule og Familiens hus gjort greie for.

### Skular

Skuleområdet melder om 7,5 millionar i meirforbruk. Dette ligg på same nivå som i førre rapportering.

Overforbruket for skulesektoren skuldast i stor grad at vi har auke i utgifter knytt til elevar med store hjelpebehov. Meirforbruket utgjer ca. 5 millionar. Dette er budsjettpostar som har lagt fast på same nivå over tid samstundes som tal barn som har store og meir komplekse hjelpebehov aukar. Det blir arbeida kontinuerleg med å leite etter smarte løysingar når det gjeld ressursbruk samstundes som vi sikrar barn/elever det dei har krav på. Vi har saman med rektorgruppa sett på tildelingspraksis og omfang. Vi har ikkje klart å justere ned tildelinga då det er kome fleire barn med store hjelpebehov inn på 1 trinn og talet elevar og omfanget av behova er større enn for elevar som har gått ut 10 trinn. Fleire skular slit med å sette inn nødvendige tiltak i elevgruppa. Som følgje av den stramme finansieringsmodellen i skulane er det lite rom for å hente inn andre yrkesgrupper som til dømes miljøarbeidar/sosialarbeidar.

Fleire skular har utfordringar med drifta som følgje av høgt sjukefråvær. Refusjon av midlar frå NAV (sjukemeldte) vil justere skulane sitt overforbruk noko.

Vi har varsla tidlegare at det er ei auke i kostnader i skuleskyss og transport som følgje av prisauke. Vi varslar eit meirforbruk på omlag 500 000 .

## **Familiens Hus**

Familiens hus varslar samla meirforbruk på 9 millionar. Meirforbruket er i hovudsak knytt til Barnevernet og barnevernslasseringar. I tillegg er det som tidlegare varsla meirforbruk knytt til barn med store hjelpebehov i barnehage.

### Barnevernstenester

Det er framleis 8 barn/ungdom på institusjon i september. Det er ikkje flytta nye ut eller inn denne månaden.

Det er pr. oktober 4 barn i statlege beredskapsheim. Dette er det same som forrige månad. Det utgjer ei kostnad på 340 000 per månad.

Vi har framleis ein del dyre heimebaserte tiltak. Her er det kostnader på inntil 40.000 pr. månad på enkeltbarn. Dette for å hindre institusjonslasseringar.

Det er ei auke av barn som har heimebaserte tiltak. Dette vil også påverke økonomien i nokon grad.

### Barn, unge og familiær

Barn, unge og familiær ligg an til eit samla meirforbruk på 2 millionar i 2023. På styrka tilbod barnehagebarn ligg prognosene på meirforbruk på ca. 1 million. Dette skuldast auke i vedtak etter §31 i barnehagelova. Eininga har også eit meirforbruk på drift knytt til manglande finansiering av køyring, telefon, lisensar m.m. I 2023 har Oppvekst saman med Helse og velferd finansierte eit heilskapleg oppfølgingsopplegg rundt ein ungdom som det ikkje har vore budsjettmessig dekning for.

Flyktningstenesta: Forbruket hittil i år er høgt, men integreringstilskot vil dekke lønsmidlar, etablering i bustad mm, så området vil gå i balanse for 2023.

### Førebyggjande helsetenester

Eininga har eit mindreforbruk på løn grunna vakanse og sjukemeldingar der ein ikkje lukkast å sette inn vikar.

Det er inntektsført heile 99% av inntektskravet, og vi skal sende refusjonskrav til vidaregåande skular og motta meir frå Helfo så det blir meirinntekter i forhold til budsjett.

Eininga vil halde budsjettet og vil komme ut med eit mindreforbruk for 2023.

## Barnehagar

Det samla meirforbruket ligg an til å bli 14,2 millionar. Ei auke på 1,4 millionar frå førre rekneskapsrapport.

Dei kommunale barnehagane har fått justert sine budsjett i forhold til tal barnehageplassar og bemanning for hausten 2023. Budsjetta er regulert i forhold til nye tal barn og barnehageplassar hausten 23 og dei kommunale barnehagane har tilpassa driftsnivået til justerte budsjett. Alle dei kommunale barnehagane driftar innanfor tildelt budsjett (finansieringsmodell, bemanningsnorm mm).

Det er i snitt 20 barnehageplassar meir i bruk i 2023 enn i 2022. Dette kostar i snitt 133 000 pr. plass (tilskotssats til private), og vi har meldt om meirkostnad på kr. 2 700 000 i 2023. Denne må oppjusterast til kr. 3 000 000 grunna fleire små barn mm. I budsjettet for 2023 fekk vi eit nedtrekk på 3 millionar med bakgrunn i forventning om nedgang i barnetal i barnehage. Det har vore auke i tal plassar i barnehagane i staden for nedgang og vi varslar eit meirforbruk på kr. 6 000 000 grunna auke tal barnehageplassar

Det har vore auke i tal barnehageplassar i både private og kommunale barnehagar på Os-sida frå 2022 til 2023, mens det har vore reduksjon i dei kommunale barnehagar på Fusa sida. Men frå våren 23 til hausten 23 har det som forventa vore ein reduksjon i både kommunale og private barnehagar på begge sidar av fjorden. Reduksjonen er forventa og tal barnehageplassar vil igjen auke pr. desember 23 i samband med nasjonal teljedato.

Vi har tilpassa drifta i dei kommunale barnehagane etter reduksjon i tal barnehageplassar frå august og samla er bemanninga redusert med 3,2 årsverk i kommunale barnehagar på Os sida og med 3 årsverk på Fusa sida (frå 01.08.23). I dei små barnehagane er det ikkje alltid mogleg å redusere bemanninga i forhold til bemanningsnorm. Holdhus barnehage har ei grunnbemanning på 3 årsverk, og i forhold til bemanningsnorma kunne dei hatt 18 plassar, men det er berre 13 plassar i barnehagen hausten 2023. Her kan vi ikkje redusere bemanning etter tal barnehageplassar fordi barnehagen kun har ei avdeling og dei tilsette skal dekke heile opningstida. I andre barnehagar er bemanninga nokre prosentar over norm, då det er fast tilsette og vi har behov for å auke bemanninga igjen frå desember. Vi kan heller ikkje redusere bemanning ein dag i veka el fordi barnehagen har ein avdelinga som ikkje er heilt full.

Det har og vore en større reduksjon i tal barn enn i tal plassar grunna fleire små barn i dei kommunale barnehagane og dette betyr mindre foreldrebetaling, og vi har dermed måtte redusere inntektskravet meir enn tal reduksjon i plassar skulle tilseie

Vi melder meirforbruk på kr. 6 200 000 grunna økonomisk ugunstig fordeling av barnehageplassar i kommunen, og fleire små barn.

Vi melder meirforbruk på kr 1 200 000 grunna refusjon for barnehageplassar i andre kommunar. Her har det vore ei auke i refusjonskrav, og inntektene våre frå andre kommunar er lågare våren 2023 enn forventa.

I forhold til styrkingstiltak § 37 i barnehagelova har vi fått nokre nye vedtak og meldar vi om meirforbruk på 800 000.

## **SEKTOR HELSE OG VELFERD**

Prognose: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 49,5 mill. kr i 2023.

Prognosene pr okt. mnd viser at sektoren ligg an til å få eit meirforbruk for året sett under eitt på kr 49,5 mill. Dette er ein auke i høve til andre tertial.

Ein stor del av meirforbruket på 35 mill. gjeld kostnadsaukar frå 2022 som ikkje er fordelt på einingane og budsjett-teknisk samla i ein innsparingspott. Redusert bemanningsfaktor gjennom Omstilling25 vil medverka sterkt til å ta denne innsparingspotten ned, men først frå 2024. Resterande innsparingsbehov vil verta fordelt ut på einingane i budsjettet for 2024. Legevakt og legetenester ligg an til eit meirforbruk på 12,5 mill. som er ei auke frå andre tertial.

Det er ei viss usikkerheit knytta til refusjonar frå Staten til ressurskrevjande tenester. Bruk av kommunen sine premiefond har innverknad på refusjonsinntektene og det er såleis ein risiko for at refusjonsbeløpet kan bli mindre enn budsjettet.

Samla sett har det vore ei store auke i ulike driftsutgifter som det ikkje er budsjettet for. Dette vere seg auke av husleige og auke i bilkostnader (leasing). Heimetenestene har i 2023 skifta ut store delar av bilparken og fått ekstra kostnader knytt til dette. Vi ser og ein auke i kostnader knytt til BPA-ordningar.

Sektoren har samla sett eit sjukefråvær i okt. mnd på 11,32%. Dette er ein nedgang frå sep. der fråværet var 12,23%. Det er store variasjonar mellom einingar og avdelingar. Grunna stort fråvær og mangel på vikarar så er det ei viss usikkerheit kring variable lønskostnader.

### **Legevakt og legetenester:**

Estimert overforbruk på legevakt og legetenester har auka frå 10 mill. til 12,5 mil. kr samanlikna med andre tertial. Overforbruket skuldast i hovudsak

- Langt høgare kostnader til legevaktslønn enn kva som er budsjettet, samt 3 dyre avtaler vedr nordsjø turnus ordningar
- Kjøp av legetenester (ansvar 312)
- Refusjonar frå Helfo er mindre enn planlagt.
- Dyre vikaravtaler (Eikelandsosen og frå august Sjøkanten Os AS)

### **Luranetunet:**

Prognosene viser fortsett eit meirforbruk på 1 mill. kr. Det er denne eininga som skal gjera størst innsparing i kroner på variabel løn i år. Hittil i år reknar vi med ei innsparing gjennom O25 for Helse og velferd på godt og vel kr 16 mill. Avdelingane styrer meir og meir i retning av økonomisk balanse på eigen avdeling og ein har tru på at eininga vil kunne styre mot balanse ved års slutt.

### **Tilrettelagte tenester:**

Eit estimert overforbruk på 1 mill kr skuldast i hovudsak bemanning av ei ekstra avdeling/tiltak på Fusa sida. Den akutte ordninga har medført overforbruk av fastløn og variable lønskostnader i fleire andre avdelingar på Fusa sida.

Sjukefråværet har vore høgt, og har kosta ekstra. Eininga har (i 2022) tatt nedtrekk på dei fleste avdelingane. Dette medfører at ein i større grad har vore nødt til å ta inn vikar ved sjukefråvær, mykje av dette til overtid. BPA kostnad er høgare enn budsjettet.

Dei ei andre einingane ligg an til å gå i balanse ved års slutt.

## **SEKTOR SAMFUNNSUTVIKLING**

Prognose: Samfunnsutvikling ser ut til å få eit meirforbruk på 1,1 mill. kr i 2023.

I samfunnsutvikling er det i all i hovudsak innafor BBR, samferdsle og kart- og oppmåling det er utfordringar.

### **Brann og redning**

BBR har et stort etterslep ifht lovpålagt kursing, dette slår også inn i år, med høyere kostnadsnivå enn budsjettet. En eldre kjøretøypark medfører også at kostnadsnivået til service og vedlikehald øker. Utfordringar med å få satt fastevaktlag på Fusa-side fører også til høy overtidskostnader, men har avtatt noe i siste del av 2023.

### **Samferdsle**

I 2023 blei det avsett kr. 2,0 mill. meir til snøbrøyting i forhold til 2022, men allereie i mars blei også dette brukt opp. Ein anslår foreløpig at ein kjem til å bruke ca. kr. 2,0 meir enn budsjettet.

### **Økonomiske utfordringar og tiltak**

Prognosene for 2023 er at overforbruk på BBR er på kr 2.8 mill. og samferdsle på kr 2 mill. I tillegg så ser vi en vesentleg nedgang i inntektene hos Kart og oppmåling, med eit budsjettavvik på kring kr. 1,5 mill. Permisionar og sykefravær trekker derimot i andre retning og netto "overforbruk" anslås til kr 1.5 mill.

Foreløpig synes SU å ha en meirinntekt på sal av konsesjonskraft på kr 0.5 mill. Antar videre at eidegom klarer generelle innsparinger på kr 0.5 mill., i tillegg har SU innsparing på at miljørådgiver har sagt opp, ca. kr 0.6 mill. Straumutgiftene er også forventa lågare enn budsjett, ca. 2.3 mill. ihht noverande prognose for 2023. Generelt sykefravær og internbelastning til sjølvkostområdene er også kalkulert med ein meirinntekt på kr 0.4 mill. I tillegg er det noko vakanse i siste del av 2023 som betrer resultatet med ca. kr 0,4 mill.

Støttekontakt er overført til kultur frå 1/7 og overforbruk for siste halvår er anslått til kr 1 mill.

Totalt har ein prognose på eit meirforbruk i forhold til budsjett for 2023 på ca. kr 1,1 mill.

